

Kjære 14-åring med foreldre/føresette!

No er det du som er født i 2007 som kan melde deg på som konfirmant i kyrkja.

For ca 14 år sidan vart du døypt, og konfirmasjonen er ei oppfølging av dåpen. I løpet av konfirmantåret vil du få vite meir om kva du vart døypt til. Det er også ei tid til å stille spørsmål, gjere seg opp meiningar og oppleve kva den kristne trua inneber. Invitasjonen vert berre sendt til dei som er døypte/medlemer av Den norske kyrkje, men alle er velkomne til å vere med på konfirmantopplegget i kyrkja. For å bli konfirmert må ein vere døypt.

Du kan lese meir om konfirmant 2022 på www.konfirmant.no. På TikTok kan du sjå og høyre korleis andre har opplevd konfirmanttida og kva dei har gjort. www.tiktok.com/tag/konfirmantane.

Viktige datoar:

Til vanleg har det vore eit informasjonsmøte for konfirmantar og foreldre/føresette i mai/juni. Karl Hjelmeland skal ha hovudansvaret for konfirmantane dette året. Han skal starte i eit vikariat som sokneprest i Hyllestad, Lavik og Bjordal & Ortnevik 1. august. Difor vert informasjonsmøte først etter sommarferien.

På møte skal vi avtale dag og tid for konfirmantsamlingane, men nokre datoar er alt bestemt, så dei må du notere. Merk deg desse datoane:

- * **Onsdag 18. august kl. 19.00** – informasjonsmøte for konfirmantar og føresette i Hyllestad kyrkje, felles for Lavik og Hyllestad
- * **Søndag 29. august kl. 11.00** – presentasjonsgudsteneste i Lavik kyrkje
- * **Tysdag 19. oktober** – ettermiddag – fellessamling på 3,5 -4 timar på Alværa for konfirmantane i Høyanger og Hyllestad kommunar. Konfirmantshow ved Farnen-presten og Saman teamet frå Bergen.

Meir informasjon om samlinga får du i seinare.



- * **Fredag 12. november:** (planleggingsdag) frå ca kl 10.00 til 15.00.
Konfirmantdag for Hyllestad, Lavik og Sørsida på Alværa
- * **Søndag 5. desember** kl. 18.00: Lysmesse i Lavik kyrkje
- * **7.-9. januar:** Konfirmantweekend på Alværa
- * **21.-22. januar:** Nattcup i Førde (Vi fekk nett vite at nattcupen var flytta frå oktober til januar)
- * **4.-5. april:** Fasteaksjonen – Innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp
- * **26. mai:** Konfirmasjon (Kristi himmelfartsdag)

Konfirmantopplegget er saman med Hyllestad. I tillegg til Karl vert også Linda Ølmheim med. Toril Lange vert med på deler av opplegget.

Konfirmantsamlingane varer til vanleg 2 timar og vi møtast i Hyllestad kyrkje. Kyrkja der er eit godt lokale til ungdomssamlingar.

Til vanleg har det vore samling ca kvar 14. dag. Som de ser av opplegget, er det i haust planlagt 2 samlingar på 3,5 - 5 timar på Alværa. Det betyr at det vert nokre færre «vanlege» samlingar.

På konfirmantopplegget er det ein eigenandel på kr. 600,- . Det inkluderer nattcup, konfirmantbok, dagssamlingane på Alværa og weekend. Resten vert betalt av soknerådet.

Invitasjonen og påmeldingsskjema vil de også finne på heimesida til kyrkja i Høyanger – [Lavik sokn - Høyanger kyrkjelege fellelsråd \(kirken.no\)](http://lavik.sokn-hoyanger.kyrkjelege.fellesrad(kirken.no))

Påmelding innan 1. juli til Toril Lange – e- post: TL646@kyrkja.no eller på messenger. Påmeldingsskjema sendast på e-post.

Konfirmantane skal vere med 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Då er presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsdagen inkludert. I tillegg vert det 4 «valfrie» gudstenester. På gudstenestene vil de kunne få oppgåver, som då er avtalt på førehand. De kan også gå på gudsteneste i andre kyrkjer enn Lavik.



Lavik 27. mai 2021

Beste helsing

Toril Lange
-kyrkjelydspedagog-